

Kronikk

KRONIKK MAKS 7000 TEIKN INKL. MELLOMROM
ordskifte@dagogtid.no

«Hansen har sin eigen resept
for verdas klimapolitikk.»

Stormane til barneborna våre

Denne djupttenkjande, uredde forskaren frå USA har meir enn andre vist at dersom me menneske held fram som no og svir av alle reservar av fossilt drivstoff, vil dei som kjem etter oss, heilt sikkert møta svært alvorlege klimaendringar. Det er vorte sagt at om du vil vita kva klimaforskarar er samde om, les rapportane til FN's klimapanel, IPCC. Vil du vita kva dei meiner om ti år, les Hansen.

Sjølv om han har lang røymsle med utvikling av klimamodellar og atmosfærisk fysikk, legg han mest vekt på den empiriske kunnskapen ei dramatisk klimahistorie gjennom mange millionar år gjev oss. Planeten vår har vore gjennom periodar med tjukk is heilt ned til ekvator, det me kallar ei snøballjord, og periodar med mykje meir karbondioksid i atmosfæren enn no og tropisk liv i Arktis. Kunnskap om hendingar i fortida fortel oss kor sensitivt klimasystemet er for klimautsleppa våre.

Det stabile klimaet jorda har hatt dei siste sju tusen åra, ei tid med mellom anna små endringar i havnivå – om ein ser bort frå landheving i område med innlandsis – er heilt spesielt. Perioden er truleg den lengste med stabilt klima gjennom mellomistidene dei siste ein million åra, han er den store tida til mennesket då kulturen vår utvikla seg med jordbruk og bysamfunn. Utan mennesket kunne denne tilstanden vara i meir enn 50.000 år til. Men no er me i ferd med å endra denne stabiliteten med klimautsleppa våre.

I GALOPP

Hansen har no skrive boka *Storms of my grandchildren* der han summerer resultat av forskning, deler tankar om korleis planeten kan bergast, og opplevingar han har hatt med styresmaktene i landet sitt. Om klimasituasjonen konkluderer han mellom anna: «Om me brenner alt fossilt drivstoff, kjem innlandsisane (på Grønland og i Antarktis) nesten heilt sikkert til å smelta fullstendig, med ein auke i havnivået på om lag 75 meter, mykje av dette skjer truleg innan ein tidsskala på nokre hundreår.»

Hans sterkaste utsegn er likevel knytt til fare for at jorda kan nå ein tilstand med sjølvforsterkande drivhuseffekt, det me kallar galopperande drivhuseffekt. Ein slik mekanisme førde ein gong til at planeten Venus miste alt vatn, fekk ein atmosfære som nesten berre er karbondioksid og ein overflatetemperatur på 450 grader. Han har vurdert om noko liknande kan skje på jorda, spesielt om eit varmare hav utløyser enorme mengder metanhydrat frå kontinentalsoklar i Arktis til atmosfæren. Han skriv: «Dersom me brenner alle reservar av olje, gass og kol, er det ein signifikant sjanse for at me vil setja i gang ein galopperande drivhuseffekt. Om me i tillegg brenner alt drivstoff frå oljesand og skiferolje, trur eg Venussyndromet er sikkert som døden.» Då noko liknande hende i fortida, tok dette så lang tid at forvitring etter kvart senka mengda av karbondioksid i atmosfæren, noko som snudde utviklinga. No kan det skje så raskt at alt liv døyr ut.

SIGBJØRN GRØNÅS

Me som kjenner til fakta om global oppvarming, gler oss over at James Hansen, ein leiande klimaforskar i verda, fekk Sofieprisen.



Om eg hadde makt, ville eg tvinga politikarar i regjering og storting til å lesa *Storms of my grandchildren*, den skakande boka til James E. Hansen, skriv professor Sigbjørn Grønås. Foto: Wikipedia ved Bill Ebbeson.

IKKJE NÅDIG

Hansen går lenger enn IPCC både når det gjeld risiko for farlege klimaendringar og når det gjeld kva som skal til for å få oppvarminga under kontroll. Noko forenkla seier IPCC at mengda av karbondioksid i atmosfæren må stabiliserast til 450 ppm

(parts CO₂ per million parts air) for å nå eit mål om å dempa oppvarminga til to grader frå den industrielle revolusjonen. Hansen grunngjev nøye kvifor mengda må stabiliserast på 350 ppm for å gjenoppretta energibalansen.

I boka si er han ikkje nådig med den

klimapolitikken verda fører, spesielt får USA hard medfart. Han er glad for at det ikkje vart noka semje i København, for ei semje der ville vore ein slags utvida Kyoto-avtale som ikkje ville fungert. Belegg for dette ligg i at dei aller fleste land som gjekk med på å redusere utsleppa sine i 2008–2012 til godt under utsleppa i 1990, på langt nær har nådd måla sine. Som i Noreg har utsleppa berre auka. Kvifor skulle ein ny avtale verka betre?

Han er sterkt kritisk til kvotehandel og til tiltak i utviklingsland som kjem i staden for nasjonale klimakutt. Han kallar det avlat som gjev rike land – ikkje minst Noreg – samvit til å kunna tura fram som før. Rike land har stort sett ikkje annan klimapolitikk enn den velkjende business-as-usual. Mål for framtida er berre spel for galleriet for å vaska politikken grøn. Vekk med alle triksemekanismar, vekk med all grønvasking, er eit imperativ for Hansen.

BORT MED ALL KOLKRAFT

Dagens tankar om å redusere utslepp, energieffektivisering og utvikling av alternativ energi trur han lite på. Det tyder ikkje så mykje om me slepper ut i år eller til neste år, levetida for store delar av utsleppa er meir enn tusen år. Tiltaka verkar ikkje utan at dei vert integrerte i ein strategi for å lata reservane av fossilt drivstoff verta att i jorda. Utan at me innan nokre tiår kjem fram til eit samfunn nesten utan bruk av fossilt drivstoff, kan me ikkje få bukt med oppvarminga. Då må bruk av nye former for fossilt drivstoff, som utvinning frå oljesand, bannlysast og store delar av dei ubrukte konvensjonelle kjeldene fredast.

Hansen har sin eigen resept for verdas klimapolitikk. Innan 2030 må all bruk av kol taka slutt. Sidan bruk av kol fører med seg alvorleg lokal ureining med mange plager for folk, trur han dette er lettast å få til. Det vil vera fäfengt å be oljeland om å stengja kjeldene av olje og gass, skriv han. Men det er ikkje nok å slutta med kol, i tillegg må det verta forbod mot å leita etter nye kjelder for olje og gass, og det må setjast inn tiltak for å berga regnskogen og skogplanting.

Dei som slepper ut klimagassar, må betala for dette, og prisen må setjast høg nok til at det vil løna seg med energieffektivisering og utvikling av alternativ energi. Han meiner staten må leggja ei tilstrekkeleg høg avgift på bruk av fossilt drivstoff, og at desse pengane må gå tilbake til folket, mellom anna som subsidiar for utvikling av alternativ energi.

SKAKANDE

Å lesa boka til Hansen skakar. Om eg hadde makt, ville eg fyrst tvinga politikarar i regjering og storting til å lesa boka. Sidan ho inneheld fysikk som ikkje alle kan lesa beint fram, held eg gjerne kurs gratis. Eg vonar lesing av boka ville vera ein kime til ny klimapolitikk utan grønvasking og kjøp av avlat, ein politikk med meir enn gode intensjonar på sikt.

Sigbjørn Grønås er professor emeritus i meteorologi ved Universitetet i Bergen.